



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 19.02.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 17.50

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Sven Gil Westersjø	AP
Astrid Fossaa Viga	H
Bengt Åke Hauge	H
Johannes Soppeland	H
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Berit Søvik Østerhus	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Frode Riskedal	SP
Tårn Sigve Schmidt	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Mari Madland	SP
Solveig Romsø Øye	SP
Silje Sværen	SV

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
001/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
002/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
003/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
004/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

005/26	Orientering om samlokalisering omsorgssenter
006/26	Status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland
007/26	Avtale om vertskommunesamarbeid om interkommunal samhandlingsleiar i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland
008/26	Varig tilrettelagt arbeid
009/26	Revidering av vedtekter for kraftfondet 2026
010/26	Utbetalt kulturstøtte 2025
011/26	Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring
012/26	Sak 6/26 - Sak til oppfølging frå kontrollutvalet - Årsmelding 2025, Hjelmeland
013/26	KS Debatthefte 2026 – Tid for taktskifte
014/26	Høyring - detaljplan miljø og landskap for Blåfjell pumpe

001/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Øye, SP:

Meiner det er for seint å senda ut tilleggsinnkalling dagen før eit kommunestyremøte, då det ikkje vert tilstrekkeleg tid til førebuing.

Svar frå ordførar: Det vert lagt inn ein ekstra pause før behandling av saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 001/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

002/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 002/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

003/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

- Politikontakt Jostein Flatebø orienterte om kriminalitetsbiletet i Hjelmeland 2021-2025
- Helge Kjelle vold, Lysefjorden utvikling AS og Stiftelsen Preikestolen orienterte om selskapet/stiftinga sine aktiviteter

Ordføreren orienterte:

- Tidlig i januar hadde Ryfylke-ordførarane møte med Kolumbus vedk. nye ruter. Ordførarane vil vera involvert i heile prosessen
- Ordføreren har signert kontrakt for prosjektet Samlokalisering barnehagane i Hjelmeland sentrum
- Det har vore eigarmøte i Lyse
- Ryfylke utdanningssenter - Arbeider no med ei utdanning i Prosjektleiing
- Ordførar og varaordførar har vore på besøk hos Årdal Aqua
- Kontaktmøte Statens Vegvesen:
 - Diskuterte m.a. trafikktryggleik Tjentland/Soppeland og SVV arbeider med ulike alternativ
 - Årdalstunnelen må inn i NTP for å få planmidlar til tunnelen
 - SVV arbeider også med mannskapssituasjonen på ferga

Spørsmål frå folkevalde:

Grunngjeve spørsmål frå Hatløy, SP:

- Vedk. levering av næringsavfall på Viganeset
- Ordføreren svarte på spørsmålet. Svaret vil også bli sendt ut til kommunestyret i etterkant

Madland, SP:

- Orienterte frå møte i Ungdomsrådet.
 - Rådet er nógde med ordningane for Ungdomtaxi og Seniortaxi
 - Sebastian Valheim vart vald til fast medlem i Ungdomsrådet i Ryfylke og Kidane Sibhatleab vert vald til vara
 - Rådet blei oppmoda til å søkja midlar frå ungdommens fylkesråd

Østerhus, SP:

- Har vore på styremøte i Ryfylkemuseet og fekk helse på den nye direktøren. Økonomien går betre, men det er framleis store utfordringar, og kommunane vil bli oppmoda til auka tilskotet til museet.

Schmidt, SP:

- Kan ein vurdera ein delt tunnel i Årdal? Ordføreren vil arbeide for nærare avklaringar i saka

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 003/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

004/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte:

- Presenterte dei nye kommunalsjefane: Geir Tørring (Samfunn og næring) og Lena Heitmann (Helse og omsorg)
- Viga bru skal skiftast ut. Det vil bli laga ei løysing for gåande når vegen vert stengt for biltrafikk i samband med skifte av bru til sommaren. Meir informasjon kjem
- Formannskapet har vedtatt å overta Bankbygg 2. Bygget er ei gåve frå Rogaland sparebank. Prosessen pågår. Det vert stilt spørsmål om kvifor ikkje kommunestyret har fått lagt fram saka til behandling
- Ordførarane i Sandnes, Strand, Hjelmeland, Sauda og Suldal har tatt initiativ til eit møte den 21. mai vedk. spenningspunktet politikk og forvaltning. Møtet vil vera i Sandnes og det vil bli sendt ut invitasjon, men kommunedirektøren ber dei folkevalde å setje av dagen

Øystein Helgaland, Paxon AS - Orienterte om status for ny ungdomsskule:

- Budsjett: Prognosane er som sist
- Tidsplan: Prosjektet er noko forseinka. Entreprenøren vil vera ferdig i slutten av august og endeleg ferdigstilling vil vare ut september

Kommunalsjef helse og omsorg:

Digitalisering i helse / velferdsteknologi:

- Heimetenesta tek i bruk innbyggjardialog og avtaleadministrasjon (DigiHelse) til brukarar og pårørande via HelseNorge
- Årdal omsorgssenter skal ta i bruk app'en Tannhelsehjelp. Via appen kan dei samhandle digitalt med tannklinikken

Kommunalsjef oppvekst:

- I kommunestyret i april ønskjer kommunedirektøren å leggje fram den årlege tilstandsrapporten for skule og barnehage. Rapporten vil verte sendt ut i forkant av møtet, slik at det er høve til å førebu ev. spørsmål til presentasjonen

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 004/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

005/26: Orientering om samlokalisering omsorgssenter

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

11.02.2026 Formannskapet**Behandling:****Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 022/26 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

19.02.2026 Kommunestyret**Behandling:**

Konkurransen vedk. prosjektleiar er avlyst, og vil bli lyst ut på nytt, med ein ordlyd som gjer kommunen høve til å velje om me vil byggje i eigen regi, eller velja andre løysingar. Difor vil prosessen ta noko lengre tid.

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 005/26 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

006/26: Status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland**Forslag til vedtak**

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering

28.01.2026 Formannskapet**Behandling:****Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 007/26 Vedtak:

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 006/26 Vedtak:

Kommunestyret tar status for Helsefellesskapet i Sør-Rogaland til orientering.

007/26: Avtale om vertskommunesamarbeid om interkommunal samhandlingsleiar i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland

Forslag til vedtak

1. Kommunesida i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrkjer sekretariatsfunksjonen for kommunane i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland frå 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleiar. Stavanger kommune fører vidare rolla som vertskommune for interkommunal samhandlingsleiar.
2. 50% av stillinga blir finansiert gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Resterande kostnader blir likt fordelte per innbyggjar mellom deltakarkommunane.
3. Avtalen om vertskommunesamarbeid gjeld inntil han blir sagt opp av ein av partane, jamfør vertskommuneavtalen.

28.01.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 008/26 Vedtak:

1. Kommunesida i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrkjer sekretariatsfunksjonen for kommunane i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland frå 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleiar. Stavanger kommune fører vidare rolla som vertskommune for interkommunal samhandlingsleiar.
2. 50% av stillinga blir finansiert gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Resterande kostnader blir likt fordelte per innbyggjar mellom deltakarkommunane.
3. Avtalen om vertskommunesamarbeid gjeld inntil han blir sagt opp av ein av partane, jamfør vertskommuneavtalen.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 007/26 Vedtak:

1. Kommunesida i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland styrkjer sekretariatsfunksjonen for kommunane i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland frå 50 til 100% stilling som interkommunal samhandlingsleiar. Stavanger kommune fører vidare rolla som vertskommune for interkommunal samhandlingsleiar.
2. 50% av stillinga blir finansiert gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Resterande kostnader blir likt fordelte per innbyggjar mellom deltakarkommunane.
3. Avtalen om vertskommunesamarbeid gjeld inntil han blir sagt opp av ein av partane, jamfør vertskommuneavtalen.

008/26: Varig tilrettelagt arbeid

Forslag til vedtak

Tas til orientering.

28.01.2026 Formannskapet

Behandling:

Ordføraren ber om ei sak, på et seinare tidspunkt, om eigarskap og avtalar Hjelmeland kommune har med Avanti.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 009/26 Vedtak:

Saka tas til orientering.

Ordføraren ber om ei sak, på et seinare tidspunkt, om eigarskap og avtalar Hjelmeland kommune har med Avanti.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KST - 008/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering.

Ordføraren ber om ei sak, på et seinare tidspunkt, om eigarskap og avtalar Hjelmeland kommune har med Avanti.

009/26: Revidering av vedtekter for kraftfondet 2026**Forslag til vedtak**

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt som framlagt.

11.02.2026 Formannskapet**Behandling:**

Sak 30/26 Revidering av vedtekter for kraftfondet 2026, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

2026 er Totalforsvarsåret i Noreg. Matproduksjon er avgjerande for vår beredskap og forsvarsevne. Offentleg sektor, privatpersonar og næringar vert oppmoda til å vera best mogleg førebudd på ei krise eller naudsituasjon. I landbruket har det vore ei rivande teknologisk utvikling, automatisering og mekanisering av arbeidsoppgåvene i husdyrhaldet, som til dømes mjølking og fôring. Utviklinga har letta mange arbeidsoppgåver, men dei tekniske løysingane er samstundes svært sårbare for straumutfall. Eit langvarig straumutfall kan få svært alvorlege konsekvensar, både økonomisk, for matproduksjonen og for dyrevelferd. Ei nyleg påminning om dette var ekstremveret Amy, oktober 2025, kor fleire deler av Hjelmeland kommune var utan strøm i lengre periode, Jøsneset var utan straum i opptil 1 ½ døgn.

Naudstraumsaggregat kan avverga alvorlege konsekvensar av lengre straumstans. Fleire bruk i kommunen har allereie investert i naudstraumsaggregat, men det er samstundes stort behov for fleire aggregat på gardsbruk for å vere godt førebudd på omfattande straumutfall.

Nytt kulepkt under §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for landbruksføretak og andre samfunnskritiske verksemder på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Landbruksføretak må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot, og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.
6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 01.01.2026.

Innspel frå Munthe, H:

Det ville vera fint om saksbehandlar nyttar funksjonen "spor endringar" når dei reviderar gjeldande vedtekter og andre liknande dokument, slik at ein enklare kan sjå endringane

Røysting:

Tilleggsforslag frå Hatløy, SP: Vedtatt mot 4 røyster (AP, KrF, H)

Innstilling frå kommunedirektøren med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

FSK - 030/26 Vedtak:

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt med vedtekne endringar.

Nytt kulepkt under §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for landbruksføretak og andre samfunnskritiske verksemder på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Landbruksføretak må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot, og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.
6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 01.01.2026.

19.02.2026 Kommunestyret**Behandling:**

Justert tekst av vedtak i FSK 11.02.26 vedtekter kraftfondet - naudstraumsaggregat, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt med vedtekne endringar:

Ny ordning i vedtektene for Kraftfondet §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for samfunnskritiske verksemder som landbruksføretak og nærbutikker på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Søkjarar må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot (gjeld landbruksføretak), og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket, og bygningane til verksemda.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket/verksemda.
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.
6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 01.01.2026.

Reviderte vedtekter, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Forslag til vedtak:

Opprinnelig forslag framlagt til formannskapet

Tillegg justering pkt 6, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 19.02.2026 og ordninga gjeld for 2026 og 2027.

Soppeland, H, reiste spørsmål om sin habilitet. Han vart røysta gild (samrøystes), og fekk delta i behandlinga av saka.

Økonomisjef Terje Øen orienterte om kraftfondet for 2025. Etter at justeringar for 2025 er ført vil fondet vera på kr 30,4 mill.

Røysting:

Endringsforslag til formannskapet si innstilling frå Hatløy, SP: Vedtatt mot 8 røyster (Hauge/AP, H, KrF)

Endringsforslag frå Munthe, H: Falt

KST - 009/26 Vedtak:

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt med vedtekne endringar:

Ny ordning i vedtektene for Kraftfondet §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for samfunnskritiske verksemdar som landbruksføretak og nærbutikker på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Søkjarar må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot (gjeld landbruksføretak), og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket, og bygningane til verksemda.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket/verksemda.
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.

Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 19.02.2026 og ordninga gjeld for 2026 og 2027

010/26: Utbetalt kulturstøtte 2025

Forslag til vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering.

28.01.2026 Formannskapet

Behandling:

Halsne, Krf reiste spørsmål om habilitet, men saka gjeld midlar som allereie er utbetalt, og gjeld ikke framtidige utbetalingar - så Halsne vart vurdert habil og fekk delta i behandling av saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 015/26 **Vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 010/26 **Vedtak:**

Røysting:

Samrøystes vedteke

011/26: Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring

Forslag til vedtak

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

03.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling:

UNG - 006/26 **Vedtak:**

Ungdomsrådet trur den auka bevilgninga i budsjettet til ungdomstaxi er rett.

Dei andre momenta vert tekne til orientering:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
 2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
- Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Tilleggsforslag:, foreslått av Berit Søyvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

Rådet ser behov for ei eiga taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vart meldt inn til kulturleiar i fjor, og kulturleiar har i forkant av dette møte informert sekretær om at dette er tatt opp med Kolumbus, og svaret frå Kolumbus er at dei ikkje vil være med på ei ny ordning, så ei slik ordning må i tilfelle finansierast fullt ut av kommunen. Viss rådet ynskjer at kommunen skal etablera ei slik ordning må rådet melde opp ei eiga sak på dette.

Røysting opprinneleg forslag: samrøystet vedteke

Røysting tilleggsforslag: samrøystes vedteke.

FUNK - 005/26 Vedtak:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 028/26 Vedtak:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Forslag til regelendring, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Brukerar av seniortaxi skal vere busett i Hjelmeland kommune

Røysting:

Tilleggsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke

Innstilling frå formannskapet med vedteken endring: Samrøystes vedteke

KST - 011/26 Vedtak:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

Brukerar av seniortaxi skal vere busett i Hjelmeland kommune

012/26: Sak 6/26 - Sak til oppfølging frå kontrollutvalet - Årsmelding 2025, Hjelmeland

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 012/26 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

013/26: KS Debattheft 2026 – Tid for taktskifte

Forslag til vedtak

Saka er drøfta og følgjande innspel vert gitt: ...

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 029/26 Vedtak:

Uttale frå formannskapet vert ferdigstilt og lagt fram for kommunestyret i møtet den 19. februar 2026.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

1. Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Kommunen må jobbe meir målretta, prioritere tydelegare og samarbeide breiare. Dei folkevalde må gi klare føringar og peike ut ei tydeleg retning for utviklinga. Følgjande område vert særst viktige:

- Nye arbeidsmåtar og teknologi for å nytte ressursane betre
- Tydelegare prioriteringar
- Samarbeid internt og eksternt
- Tettare samarbeid med frivillige, næringsliv og lokalsamfunn
- Målretta bruk av Frivilligsentralen
- Tydelege avklaringar av kva som er kommunen sine ansvarsområde
- Tydeleg kommunikasjon til innbyggjarane om kva dei kan forvente av oss, og kva vi forventar av dei

2. Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som finns?

For å lukkast med samfunnsoppdraget må vi bruke kompetansen og ressursane våre meir målretta og effektivt. Krev god oversikt, tydeleg leiing og god organisering. Nokre stikkord:

- Kompetansekartlegging
- Prioritering av kjerneoppgåver
- Tilrettelegge for eit meir inkluderande arbeidsliv for å ta i bruk fleire av dei som står utanfor arbeidslivet. Heiltidskultur må ikkje fungere
- som ein barriere for utnytting av restarbeidsevne
- Pensjonistavtalar
- Rett bruk av dei ressursane vi har i form av:
 - Tydelege arbeidsoppgåver og mandat
 - Tydeleg delegering og forventningsavklaring
- Gjere kommunane meir sexy for menn
- Fokus på etter- og vidareutdanning
- Implementering av kunstig intelligens og andre digitale verktøy der det kan gi reell gevinst i kvalitet og effektivitet

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Mangel på straum og anna kritisk infrastruktur vil vere ei stor utfordring. Viktig at prioriteringane er gjort i «fredstid» slik at alle veit kva dei skal gjere når ei krise oppstår.

Kommunen må sørge for:

- Oppdatert og relevant informasjon til rett tid
- Å legge til rette for samarbeid mellom aktuelle aktørar (naudetatar, frivillige, næringsliv ...)
- Tydeleg rolleavklaring, og at alle kontaktlinjer må vere avklart på førehand.

- Gi råd til innbyggjarane om eigenberedskap (t.d. beredskapslager og beredskapsven)

Innbyggjarane må vite:

- Informasjonspunkt/samlingspunkt i dei enkelte bygdene
- Kva dei kan forvente av kommunen og kva ansvar den enkelte har sjølv

Lokasjonsvarsling, foreslått av Astrid Fossaa Viga, Høgre

Hjelmeland kommunene bør vurdere lokasjonsvarsling som ein del av beredskapen. Dette i tillegg til uttale frå formannskapet.

Røysting:

Forslag til uttale frå A. Riskedal, SP: Samrøystes vedteke

Forslag til kommunen frå Viga, H: Samrøystes vedteke

KST - 013/26 **Vedtak:**

Saka er drøfta og følgjande innspel vert gitt:

1. Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Kommunen må jobbe meir målretta, prioritere tydelegare og samarbeide breiare. Dei folkevalde må gi klare føringar og peike ut ei tydeleg retning for utviklinga. Følgjande område vert særst viktige:

- Nye arbeidsmåtar og teknologi for å nytte ressursane betre
- Tydelegare prioriteringar
- Samarbeid internt og eksternt
- Tettare samarbeid med frivillige, næringsliv og lokalsamfunn
- Målretta bruk av Frivilligsentralen
- Tydelege avklaringar av kva som er kommunen sine ansvarsområde
- Tydeleg kommunikasjon til innbyggjarane om kva dei kan forvente av oss, og kva vi forventar av dei

2. Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftressursane som finns?

For å lukkast med samfunnsoppdraget må vi bruke kompetansen og ressursane våre meir målretta og effektivt. Krev god oversikt, tydeleg leiing og god organisering. Nokre stikkord:

- Kompetansekartlegging
- Prioritering av kjerneoppgåver
- Tiltettelegge for eit meir inkluderande arbeidsliv for å ta i bruk fleire av dei som står utanfor arbeidslivet. Heiltidskultur må ikkje fungere
- som ein barriere for utnytting av restarbeidsevne
- Pensjonistavtalar
- Rett bruk av dei ressursane vi har i form av:
 - Tydelege arbeidsoppgåver og mandat
 - Tydeleg delegering og forventningsavklaring
- Gjere kommunane meir sexy for menn

- Fokus på etter- og vidareutdanning
- Implementering av kunstig intelligens og andre digitale verktøy der det kan gi reell gevinst i kvalitet og effektivitet

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Mangel på straum og anna kritisk infrastruktur vil vere ei stor utfordring. Viktig at prioriteringane er gjort i «fredstid» slik at alle veit kva dei skal gjere når ei krise oppstår.

Kommunen må sørge for:

- Oppdatert og relevant informasjon til rett tid
- Å legge til rette for samarbeid mellom aktuelle aktørar (naudetatar, frivillige, næringsliv ...)
- Tydeleg rolleavklaring, og at alle kontaktlinjer må vere avklart på førehand.
- Gi råd til innbyggjarane om eigenberedskap (t.d. beredskapslager og beredskapsven)

Innbyggjarane må vite:

- Informasjonspunkt/samlingspunkt i dei enkelte bygdene
- Kva dei kan forvente av kommunen og kva ansvar den enkelte har sjølv

Hjelmeland kommunene bør vurdere lokasjonsvarsling som ein del av beredskapen. Dette i tillegg til uttale frå formannskapet.

014/26: Høyring - detaljplan miljø og landskap for Blåfjell pumpe

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune meiner at Detaljplan for miljø og landskap for Blåfjell pumpe gir godt greie for gjennomføringa av anlegget, og ser at det er gjort ei rekkje avbøtande tiltak og tilpassingar med omsyn til villrein, andre viktige artar, for miljø og landskapstilpassing.

Kommunen meiner det er viktig å følgje opp med tiltak som t.d. fysisk stenging eller sykkelforbod for å hindre at det blir for stor ferdsel på anleggsvegen til Gilavassdammen etter at anlegget er ferdigstilt.

Utover dette har ikkje kommunen forslag til endringar eller vesentlege merknadar til planen.

19.02.2026 Kommunestyret

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

KST - 014/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune meiner at Detaljplan for miljø og landskap for Blåfjell pumpe gir godt greie for gjennomføringa av anlegget, og ser at det er gjort ei rekkje avbøtande tiltak og tilpassingar med omsyn til villrein, andre viktige artar, for miljø og landskapstilpassing.

Kommunen meiner det er viktig å følge opp med tiltak som t.d. fysisk stenging eller sykkelforbod for å hindre at det blir for stor ferdsel på anleggsvegen til Gilavassdammen etter at anlegget er ferdigstilt.

Utover dette har ikkje kommunen forslag til endringar eller vesentlege merknadar til planen.